



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Informasjon om tilbud for minoritetsspråklege i Møre og Romsdal

2025-2026

Innhold

Informasjon om tilbod for minoritetsspråklege i Møre og Romsdal	0
Innleiing	2
1 Vidaregåande opplæring	3
Kven har rett til vidaregåande opplæring?	3
Korleis søke inntak til vidaregåande?	3
Webskjema	4
2 Tilbod for elevar som er elevar i vidaregåande	5
Særskild språkopplæring	5
Tilpassa opplæring og individuelt tilrettelagt opplæring	6
3 Grunnleggande norskopplæring (GNO)	7
Målgruppe og intensjon	7
Kva skolar har tilbodet?	7
Korleis søke?	7
Kva inneheld GNO tilbodet?	8
Skoleskyss	8
Saksbehandling	8
4 Jobbsjansen del B	9
Målgruppe	9
Kva skolar har tilbodet?	9
Korleis søke?	9
Kva inneheld Jobbsjansen del B?	10
Rettar i Jobbsjansen del B	10
Saksbehandling	10
5 Finansiering	11
Tilskot til opplæring til unge som søker opphald i Norge	11
Tilskot til opplæring i norsk for vaksne personar med kollektiv beskyttelse	11
Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	12
GNO og Jobbsjansen del B	13

Innleiing

Møre og Romsdal sine tilbod skal sikre at minoritetsspråklege elevar får gode forutsetningar for å delta i og fullføre vidaregåande opplæring og kvalifisere seg til vidare utdanning og jobb. Minoritetsspråklege er personar med anna morsmål enn norsk eller samisk. Fylkeskommunen har tilbod for dei som treng meir opplæring i norsk eller grunnskolefag for å få ein god overgang til vidaregåande opplæring.

Grunnleggande norskopplæring (GNO) er ikkje ein lovfesta rett, men vert oppretta av fylkeskommunen for å gje eit tilbod for minoritetsspråklege som nyleg er komne til Norge og kjem for seint til å søke vidaregåande opplæring. GNO gir opplæring i norsk for dei mellom 16-18 år som treng å betre ferdigheitene sine i norsk før dei søker vidaregåande opplæring. Tilbodet «Jobbsjansen del B» er lovfesta og gir meir opplæring i grunnskolefag for dei mellom 16-24 år som treng å betre dei faglege og språklege føresetnadane sine før dei søker vidaregåande opplæring.

1 Vidaregåande opplæring

Kven har rett til vidaregåande opplæring?

Dei som har fullført grunnskolen eller tilsvarande har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova §5-1 og forskrift til opplæringslova §4-1. Søkarane må sende inn dokumentasjon på fullført grunnskole, oversett til norsk eller engelsk av godkjent translatør.

Forskrifta til opplæringslova §4-1 seier at «tilsvarande opplæring» mellom anna omfattar:

- dei som har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst ni år (2. ledd, bokstav b),
- dei som har realkompetanse tilsvarande fullført førebunde opplæring for vaksne, (2. ledd, bokstav c), og

Søkarar må ha lovleg opphald i Noreg for å ha rett til vidaregåande opplæring. Berre dei som truleg skal vere i Norge i meir enn tre månader samanhengande, har rett til vidaregåande opplæring (oppl. §5-1 (1)). Dette gjeld dei fleste som søker om opphaldsløyve. Dei som ventar på avgjerd om opphaldsløyve, har rett til vidaregåande opplæring ut det skoleåret dei fyller 18 år. Søkar må legge ved kvittering på søkt forlenga opphald i Norge dersom opphaldsløyvet går ut før august i søknadsåret. Dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, har rett til vidaregåande opplæring fram til datoen avslaget trer i kraft.

Korleis søke inntak til vidaregåande?

Søknadsfristen til vidaregåande opplæring er **1. mars** (forskrift til oppl. §4-9 (1)).

Søknadsfristen er likevel **1. februar**, mellom anna for dei som:

- har vedtak om særskild språkopplæring etter oppl. §§3-6 eller 6-5
- nylig har komme til Norge

- søker om individuell behandling

Søkarar til vidaregåande opplæring loggar inn med ID porten og leverer søknaden i Vigo.

Dette er dei obligatoriske vedlegga til søknaden:

- Vitnemål på fullført grunnskole i minst 9 år frå utlandet, oversett til norsk eller engelsk av godkjent translatør. Dei som har fullført norsk grunnskole treng ikkje å legge ved dokumentasjon på grunnskoleutdanning frå heimlandet.
- Kvittering på søkt forlenga opphald i Norge dersom opphaldsløyvet går ut før august i søknadsåret.

Dette er andre vedlegg som er relevante, men ikkje obligatoriske for innsøkinga:

- Vedtak om særskilt språkopplæring
- Kartleggingsresultat av språkferdigheiter
- Anna informasjon som er relevant for overgangen til vidaregåande opplæring

Mange søkarar som er nyleg komne til Norge har ikkje MinID eller BankID når dei skal søke vidaregåande. Hjelpinstans kan i desse tilfella ta kontakt med inntaksseksjonen på inntak@mrfylke.no.

Web skjema

Søkarar som har tilretteleggingsbehov og søkarar som skal søke med fortrinn eller individuell vurdering skal i tillegg til søknaden i Vigo sende inn eit web skjema.

Fylkeskommunen har utvikla to web skjemamodular: eit for å melde om tilretteleggingsbehov, og eit for å søke fortrinn eller individuell vurdering.

Dei som har vedtak om særskilt språkopplæring eller har behov for særskilt språkopplæring i vidaregåande opplæring skal sende inn web skjema «Melding om tilretteleggingsbehov i vgo.» Skjemaet finst [her](#), og fristen er 1. februar.

Det er, mellom andre, to søkargrupper som kan ha behov for individuell vurdering i inntaket til vidaregåande opplæring.

1. Dei som har komne til Norge etter 1. januar året før søknadsåret eller i løpet av søknadsåret, og
2. Dei som bur i asylmottak

Desse søkarane skal sende inn webskjema «Søknad om fortrinn eller individuell vurdering». Skjemaet finst [her](#), og fristen er 1. februar.

Dei søkarane som både har vedtak om eller behov for særskilt språkopplæring, og har behov for individuell vurdering i inntaket, skal sende inn webskjema «Søknad om fortrinn eller individuell vurdering».

Møre og Romsdal fylkeskommune behandlar søknadar til vidaregåande opplæring så langt råd er etter fristen, men ikkje seinare enn 15 juni.

2 Tilbod for elevar som er elevar i vidaregåande

Særskild språkopplæring

Elevar som har anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan godt nok norsk til å følgje den vanlege opplæringa (oppl. §6-5). Dei vidaregåande skolane vurderer behovet for særskild språkopplæring og fattar vedtak. Særskild språkopplæring inneber forsterka opplæring i norsk, og om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag, eller begge delar. Fylkeskommunen vurderer jamleg om elevar med vedtak om særskild språkopplæring kan godt nok norsk til å følgje den vanlege opplæringa.

Fylkeskommunen kan vedta at eleven skal få morsmålsopplæring på ein anna skole enn den eleven går på.

Meir informasjon om særskilt språkopplæring og skjema finst [her](#) på fylkeskommunen sine sider, og læreplanar finst [her](#) på Udir sine sider.

Tilpassa opplæring og individuelt tilrettelagt opplæring

Minoritetsspråklege elevar har rett til tilpassa opplæring og kan ha rett til individuelt tilrettelagt opplæring.

Tilpassa opplæring er ein generell rettighet for alle elevar i grunnskolen og vidaregåande, og må ikkje forvekslast med særskild språkopplæring. Fylkeskommunen må tilpasse opplæringa slik at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og hensikta er at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine (oppl. §11-1).

Hovudregelen om retten til individuelt tilrettelagt opplæring finst i opplæringslova §11-6. Elevane har rett til individuelt tilrettelagt opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Det er krav om sakkunnig vurdering frå den pedagogisk-psykologiske tenesta i kommunen før fylkeskommunen kan avgjer om eleven har krav på individuelt tilrettelagt opplæring, jf. oppl. §11-7.

Fristen for å søke om individuelt tilrettelagt opplæring er 1. februar, og søknaden skal sendast inn gjennom fylkeskommunen sin webskjemamodul med dokumentasjon. Meir informasjon om å søke individuell tilrettelagt opplæring og skjemamodulen finst [her](#).

3 Grunnleggande norskopplæring (GNO)

Målgruppe og intensjon

Grunnleggande norskopplæring er eit tilbod for minoritetspråkleg ungdom mellom 16–18 år som nyleg har kome til Norge og har lite eller ingen norskkunnskapar. Dei som nyleg har kome til Norge er dei som er folkeregistrert busett første gong i fylket etter 1. januar det året tilbodet startar opp, uavhengig om dei er busett i mottak, institusjon eller på privat adresse. Intensjonen med grunnleggande norskopplæring er å sikre eit tilbod for ungdommar som kjem for seint til fylket for å søke vidaregåande opplæring.

Ungdom som har fylt 18 år når dei får registrert opphald i Norge har rettigheter i introduksjonsprogrammet i kommunen, og vil ikkje få eit tilbod i GNO.

Kva skolar har tilbodet?

- Romsdal vidaregåande
- Spjelkavik vidaregåande
- Kristiansund vidaregåande
- Ulstein vidaregåande
- Sunndal vidaregåande

Korleis søke?

Søknadsskjema for tilbodet i grunnleggande norsk finst [her](#), og sendes inn av hjelpeinstans via sikker digital post til Møre og Romsdal fylkeskommune med desse vedlegga:

- Vitnemål frå norsk grunnskole eller vitnemål på gjennomført grunnskole i minst 9 år frå utlandet, oversett til norsk eller engelsk av godkjent translator.

- Kvittering på søkt forlenging opphald i Norge dersom opphaldsløyvet går ut før august i søknadsåret.

Dersom søkerar til grunnleggande norskopplæring har søkt inntak til ordinær vidaregåande skole, og takker ja til plass på vidaregåande skole, vil ikkje søkeren få tilbod om plass på grunnleggande norskopplæring.

Kva inneheld GNO tilbodet?

Grunnleggande norsk inneheld 30 timar i veka der hovudvekta av opplæringa er i norsk. 5 av timane er fleksible og kan brukast eksempelvis til engelsk.

Deltakarane vil få utlevert eit kursbevis og testresultat ved fullført kurs i grunnleggande norsk. Det er krav om oppmøte. Deltakarar som har meir enn 15% fråvær vil ikkje få godkjent kurset, og vil derfor ikkje få kursbevis.

Skoleskyss

Dei som har fått tilbod i grunnleggande norskopplæring har rett på skoleskyss når dei bur meir enn 6 kilometer frå skolen, jamfør opplæringslova §9-1. Skolane søker om skoleskyssbevis til deltakarar i grunnleggande norsk i [skyssportalen til FRAM](#).

Meir informasjon om skoleskyss finst [her](#), og spørsmål om skoleskyss kan rettast til skoleskyss@mrfylke.no.

Saksbehandling

Grunnleggande norskopplæring har som hovudregel inntak heile året. Seksjon for inntak saksbehandlar søknadane og sender ut brev til søkerane og melding til hjelpeinstans fortløpande. Inntaket kan stoppast når klassane er fulle, eller når fylkeskommunen vurderer at det er såpass seint i inntaksåret at nye deltakarar ikkje vil få utbytte av

Bunntekst

tilbodet. Brev om tilbud eller ikkje- tilbud til grunnleggande norsk er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og det er ikkje klagerett på avgjerda.

4 Jobbsjansen del B

Målgruppe

Jobbsjansen del B er et tilbud til ungdom som:

1. har rett til vidaregåande etter opplæringslova §5-1 og forskrift til opplæringslova §4-1.
2. er mellom 16-24 år
3. som treng meir grunnskoleopplæring for å kunne delta i og fullføre vidaregåande opplæring

Kva skolar har tilbudet?

- Kristiansund vidaregåande skole
- Hustadvika vidaregåande skole
- Ulstein vidaregåande skole

Korleis søke?

Søknadsfristen for Jobbsjansen del B er 1. juni. For seint innkomne søknadar kan vurderast dersom klassane ikkje er fulle. Søknadsskjema finst [her](#). I tillegg til søknadsskjemaet skal hjelpeinstans eller søkar legge ved:

- Vitnemål frå norsk grunnskole eller vitnemål på gjennomført grunnskole i minst 9 år frå utlandet, oversett til norsk eller engelsk av godkjent translatør.
- Kvittering på søkt forlenga opphald i Norge dersom opphaldsløyvet går ut før august i søknadsåret.

Dersom søkerar til Jobbsjansen del B har søkt inntak til ordinær vidaregåande skole, og takker ja til plass på vidaregåande skole, vil ikkje søkaren få tilbod om plass på Jobbsjansen del B.

Kva inneheld Jobbsjansen del B?

Jobbsjansen del B inneheld 30 timer i veka som er fordelt over desse faga:

Fag	Timer
Norsk	10
Engelsk	5
Matematikk	3
YFF eller utdanningsval	4
Samfunnsfag	3
Naturfag	3
Kroppsøving	2

Det er mogleg for elevar som meistrar enkeltfag godt å ta desse faga på ordinært vidaregåande nivå.

Rettar i Jobbsjansen del B

Elevar i Jobbsjansen del B har rett på særskilt språkopplæring og individuelt tilrettelagt opplæring på lik linje med elevar i ordinær vidaregåande opplæring.

Dei har og rett på skoleskyss på lik linje med elevar i ordinær vidaregåande opplæring og deltakarar i Grunnleggande norskopplæring.

Saksbehandling

Seksjon for inntak saksbehandlar søknadane og sender ut vedtak om inntak i starten av juli når det ordinære inntaket køyrast.

5 Finansiering

Tilskot til opplæring til unge som søker opphald i Norge

Tilskot til grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring til barn og unge som søker opphald i Norge er ei statleg tilskotsordning frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Hensikta med tilskotet er å bidra til finansiering og stimulere kommunane og fylkeskommunane til å gje grunnskoleopplæring og vidaregåande opplæring til unge mellom 16-18 år som søker opphald i Norge.

Dei elevane det kan søkast tilskot om er unge asylsøkarar mellom 16-18 år i alle typar mottak og omsorgssenter, og unge asylsøkarar som søker familiegjenforening. Fylkeskommunen og skolane får ikkje lenger tilskot når søknaden om opphald er avgjort, og asylsøkaren/eleven har flytta til bostadskommunen eller reist ut av landet, eller når søknaden om familiegjenforening er avgjort.

Tilskotet som fylkeskommunen kan søke på omfattar berre elevar i ordinær vidaregåande opplæring og Jobbsjansen del B, og ikkje grunnleggande norskopplæring. Statsforvaltaren sender ut informasjon om ordninga, og fylkeskommunen vidareformidlar informasjon til skolane. Søknadane fyllast ut av skolane og sendast til fylkeskommunen for godkjenning før dei sendast til Statsforvaltaren.

Her finst meir informasjon om tilskotsordninga.

Tilskot til opplæring i norsk for vaksne personar med kollektiv beskyttelse

Tilskot til opplæring i norsk for vaksne personar med kollektiv beskyttelse er ei statleg tilskotsordning frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

Ordninga består av tre typar tilskot: persontilskot, utvida norskopplæring og grunntilskot. Det er berre kommunane som får grunntilskotet. Hensikta med persontilskotet og tilskot til utvida opplæring er at kommunane og fylkeskommunane skal kunne tilby opplæring i norsk til fordrevne frå Ukraina som ønsker denne opplæringa. Det er den som utfører opplæringa som avgjer om det er kommunen eller fylkeskommunen som får tilskotet.

Det er viktig at kommunane registrerer dei elevane i målgruppa mellom 18–67 år som går i vidaregåande opplæring på fulltid i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) for at fylkeskommunen skal få utbetalt persontilskotet og tilskotet til utvida norskopplæring.

Meir informasjon om tilskotet og rundskriv finst på IMDi sine [nettsider](#).

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak er ei statleg tilskotsordning frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Ordninga består av to typar tilskot: persontilskot og grunntilskot. Det er berre kommunane som får grunntilskotet. Persontilskotet blir automatisk utbetalt til kommunar og fylkeskommunar. Målgruppa er vaksne innvandrarak mellom 16–67 år som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Hensikta med persontilskotet er at kommunane og fylkeskommunane skal kunne tilby opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak slik at dei lærer nok norsk til å fungere i yrkes- og samfunnslivet.

Det er viktig at kommunane registrerer dei elevane i målgruppa mellom 18–67 år som går i vidaregåande opplæring på fulltid i NIR for at fylkeskommunen skal få utbetalt persontilskotet.

Meir informasjon om tilskotet, kva type opphaldsløyve som omfattast av ordninga, og rundskriv finst på IMDi sine [nettsider](#).

GNO og Jobbsjansen del B

Grunnleggande norsk har sidan opprettinga blitt finansiert over elevtilskotet og ekstra bevillingar frå Fylkestinget til fylkeskommunen.

Midlane som var øyremerka Jobbsjansen del B fram til 2019 går no inn i fylkeskommunen sin totale tildeling frå statsbudsjettet. Midlane går til å dekke lærarressursar, undervisningsmateriell, metodeutvikling, drift av tilbodet og eventuelle prosjektmedarbeidarar.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sjå mrfylke.no og vilbli.no for
meir informasjon, eller kontakt
oss på inntak@mrfylke.no